



Sjølvkost på vatn og avløp

Vinje kommune

2017 :: 734 018

Forord

Telemark kommunerevisjon IKS er eit av dei største interkommunale revisjonsselskapa i landet. Alle dei 18 kommunane i Telemark, kommunane Larvik og Lardal i Vestfold og Telemark fylkeskommune er eigarar av selskapet. Vi utfører revisjon og andre tenester for eigarane våre og andre kommunale/fylkeskommunale aktørar.

Telemark kommunerevisjon IKS utfører forvaltningsrevisjon innanfor dei fleste område, og med forskjellige innfallsvinklar. Våre tilsette har samfunnsfagleg, økonomisk og juridisk utdanning på mastergradsnivå, og har brei kompetanse innan offentlig forvaltning. Vi gjennomfører oppdraga i samsvar med Norges kommunerevisorforbunds standard for forvaltningsrevisjon ([RSK 001](#)).

Denne forvaltningsrevisjonen er gjennomført av forvaltningsrevisor Dag Oftung, med Kirsti Torbjørnson som oppdragsansvarlig.

Vi samarbeider fagleg og administrativt med Buskerud kommunerevisjon IKS og Vestfold kommunerevisjon.

Vinje kommune har fått følgjande rapportar om forvaltningsrevisjon sidan 2012:

- 734 013 Ressursbruk i helse og omsorgstenestene (2012)
- 750 011 Vest-Telemark PPT – eit forprosjekt (2013)
- 734 014 Eigedomsforvaltning (2014)
- 734 015 Førebyggjande arbeid – barn og unge (2016)
- 734 017 Byggesakshandsaming (blir lagt fram i september 2017)

Du kan finne alle rapportane våre på nettstaden vår www.tekomrev.no, der du også kan lese meir om forvaltningsrevisjon generelt.

Innhald

| | |
|---|-----------|
| Samandrag | iii |
| 1 Innleiing..... | 1 |
| 1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet..... | 1 |
| 1.2 Bakgrunn..... | 1 |
| 1.3 Problemstillingar og revisjonskriterier..... | 1 |
| 1.4 Avgrensing | 2 |
| 1.5 Metode og kvalitetssikring..... | 2 |
| 1.6 Høyring | 2 |
| 2 Berekning av sjølvkost | 3 |
| 2.1 Problemstilling | 3 |
| 2.2 Revisjonskriterium..... | 3 |
| 2.3 Fakta om berekning av sjølvkost | 3 |
| 2.4 Revisor si vurdering av berekning av sjølvkost | 9 |
| 3 Vass- og avløpsfond | 12 |
| 3.1 Problemstilling | 12 |
| 3.2 Revisjonskriterium..... | 12 |
| 3.3 Fakta om sjølvkostfond..... | 12 |
| 3.4 Revisor si vurdering av vatn- og avløpsfond..... | 13 |
| 4 Forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsar | 15 |
| 4.1 Problemstilling | 15 |
| 4.2 Revisjonskriterium..... | 15 |
| 4.3 Fakta om forskrift og gebyrsatsar | 15 |
| 4.4 Revisor si vurdering | 18 |
| 5 Konklusjonar og tilrådingar | 20 |
| 5.1 Konklusjonar | 20 |
| 5.2 Tilrådingar..... | 20 |
| Litteratur og kjeldereferansar | 21 |
| Tabelloversikt..... | 22 |
| Figuroversikt | 22 |
| Vedlegg | 22 |
| Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen | 23 |
| Vedlegg 2: Revisjonskriterium..... | 24 |
| Vedlegg 3: Gebyrsatsar 2016..... | 30 |
| Vedlegg 4: Metode og kvalitetssikring | 31 |

Foto framside: Alex France (<http://alexfrance.com>)

Samandrag

Vassforsyning og avløpshandtering blir finansiert heilt eller delvis gjennom gebyra frå innbyggjarane. Den øvre ramma for gebyrinntektene frå innbyggjarane er sjølvkost. Sjølvkost er den totale auken i kostnader kommunen får ved å produsere ei bestemt vare eller teneste.¹ Kommunen har altså ikkje høve til å ta meir betalt for tenesta frå innbyggjarane enn kva det faktisk kostar å levere den.

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen er å undersøke om kommunen bereknar gebyra i samsvar med gjeldande retningslinjer, og med dette bidreg til rett gebyrnivå i kommunen. Vidare ser vi på om kommunen handterer fondsavsetningar på rett vis. Til slutt gjer vi ei vurdering av om kommunen si forskrift om vass- og avløpsgebyr er i samsvar med gjeldande regelverk.

Bestilling

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Vinje kommune i møte 1. mars 2017 (sak 3/17).

Problemstillingar

Er berekninga av sjølvkost for vatn og avløp i 2016 i samsvar med reglar og retningslinjer?

Vi har funne at berekning av sjølvkost for vatn og avløp i hovudsak er i samsvar med reglar og retningslinjer.

Etter vår vurdering bør kommunen med jamne mellomrom vurdere og dokumentert kva som ligg til grunn for fordelinga av dei direkte kostnadene i sjølvkostkalkylane.

Kommunen si berekning av dei indirekte kostnadene er ikkje i tråd med retningslinjene.

Er avsetningar til og bruk av vass- og avløpsfond i samsvar med regelverket?

Kommunen sett av overskott på sjølvkostrekneskapen i samsvar med regelverket.

¹ Definisjon frå sjølvkostrettleiaren H-3/14

Framstillinga av framtidig bruk av fond, som ligg ved Vinje kommune sin årsrekneskap for 2016, gir etter vår vurdering ikkje eit klårt bilete av korleis kommunen planlegg å avvike fonda innan fem år etter at dei er oppstått.

Er kommunens si gjeldande forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsane i samsvar med regelverket?

Etter vår vurdering er kommunen si forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsane i samsvar med regelverket.

Tilrådingar

Vi tilrår at kommunen:

- jamleg dokumenterer fordelinga av direkte kostnader i sjølvkostkalkylane på høvesvis vatn og avløp.
- bereknar dei indirekte kostnadene i sjølvkostkalkyla i tråd med det rettleiaren primært rår til.
- framstiller framtidig bruk av fondsavsetningar på ein klårare måte i årsrekneskapen.

Skien, 30. august 2017

Telemark kommunerevisjon IKS

1 Innleiing

1.1 Bestillinga frå kontrollutvalet

Bakgrunnen for forvaltningsrevisjonen er vedtak i formannskapet 1. oktober 2015, der formannskapet bad rådmannen tinge ein revisjon av gjeldande føresegner og gebyrregulativ for sjølvkostområda.

Forvaltningsrevisjonen er bestilt av kontrollutvalet i Vinje kommune i møte 1. mars 2017 (sak 3/17). Slikt vedtak blei fatta:

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjon frå Telemark kommunerevisjon IKS.

Med følgjande problemstillingar:

- Er berekninga av sjølvkost for vatn og avløp for 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?
- Er avsetningar til og bruk av vass- og avløpsfond i samsvar med regelverket?
- Er kommunens si gjeldande forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsane i samsvar med regelverket?

Heimel for forvaltningsrevisjon er gitt i kommuneloven § 77 nr. 4, jamfør forskrift om kontrollutval kapittel 5 og forskrift om revisjon kapitel 3.

1.2 Bakgrunn

Vassforsyning og avløpshandtering blir finansiert heilt eller delvis gjennom gebyra frå innbyggjarane. Den øvre ramma for gebyrinntektene frå innbyggjarane er sjølvkost. Sjølvkost er den totale auken i kostnader kommunen får ved å produsere en bestemt vare eller teneste.² Kommunen har altså ikkje høve til å ta meir betalt for tenesta frå innbyggjarane enn kva det faktisk kostar å levere den.

Føremålet med denne forvaltningsrevisjonen er å undersøke om kommunen bereknar gebyra i samsvar med gjeldande retningslinjer, og med dette bidra til rett gebyrnivå i kommunen.

1.3 Problemstillingar og revisjonskriterier

Rapporten har følgjande problemstillingar:

- Er berekninga av sjølvkost for vatn og avløp i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

² Definisjon frå sjølvkostrettleiaren H-3/14

- Er avsetningar til og bruk av vass- og avløpsfond i samsvar med regelverket?
- Er kommunens si gjeldande forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsane i samsvar med regelverket?

Revisjonskriteria³ i denne forvaltningsrevisjonen er henta frå regelverk om tenesteområdet, kommuneloven, bokføringsloven og statlige retningslinjer om sjølvkost. Kriteria går fram under kvar problemstilling nedanfor, og er nærmare omtalt i vedlegg 2 til rapporten.

1.4 Avgrensing

Kommunen har fleire sjølvkostområde. Vi har berre undersøkt to av desse, vatn og avløp. Vi har ikkje undersøkt kvaliteten på tenestene, og vi har ikkje undersøkt om reglane om offentlige anskaffingar er følgde i samband med drifta av tenestene.

Vi har ikkje undersøkt korleis kommunen handterer enkeltsaker etter reglane om vass- og avløpsanlegg og -gebyr.

1.5 Metode og kvalitetssikring

Denne undersøkinga er basert på:

- Kommunen si forskrift om vass- og avløpsgebyr
- Rekneskapstal og notar til rekneskapen
- Samtalar med relevante personer i kommuneadministrasjonen

Metode og tiltak for kvalitetssikring er omtalt nærmare i vedlegg 4 til rapporten.

1.6 Høyring

Rapporten er sendt på høyring 8. august 2017. Uttale frå rådmannen ligg ved rapporten i vedlegg 1. Med bakgrunn i uttalen frå rådmannen er det gjort nokre endringar i teksten i kapittel 2.3 og i våre vurderingar og konklusjonar som gjeld berekning av direkte kostnader.

Det er elles gjort nokre mindre endringar i teksten utan at dette har endra på framstilling av fakta og eller våre vurderingar.

³ Revisjonskriterium er dei reglar og normer som gjeld innanfor det området vi skal undersøke. Revisjonskriteria er grunnlaget for de analysar og vurderingar som revisjonen gjer og dei konklusjonane vi får. Revisjonskriteria er eit viktig grunnlag for å kunne dokumentere samsvar, avvik eller svakheiter

2 Berekning av sjølvkost

2.1 Problemstilling

I dette kapitelet ser vi på denne problemstillinga:

Er berekninga av sjølvkost for vatn og avløp i 2016 i samsvar med reglar og retningslinjer?

2.2 Revisjonskriterium

Vi legg desse revisjonskriteria til grunn for våre vurderingar:

- *Alle kostnader som inngår i sjølvkostberekningane skal kunne knytast til sjølvkosttenesta.*
- *Kommunen skal vurdere kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta.*
- *Det skal være full kostnadsdekning på vatn og avløp.*

2.3 Fakta om berekning av sjølvkost

Organisering

Arbeid med vatn og avløp i Vinje kommune ligg til eininga Teknisk drift og vedlikehald. Leiaren for eininga rapporterer til rådmannen.

Vinje kommune driftar desse vassverka og reinseanlegga:

- ✓ Åmot vassverk og Åmot reinseanlegg
- ✓ Øyfjell vassverk og Øyfjell minireinseanlegg
- ✓ Rauland reinseanlegg, Rauland vassverk (nytt er under bygging) og Oksatjønn vassverk
- ✓ Edland vassverk og Haukeli reinseanlegg
- ✓ Vågslid reinseanlegg (Nytt reinseanlegg skal byggast, ferdigstilling juni 2018)
- ✓ Vinjar vassverk og Vinjar minireinseanlegg
- ✓ Arabygdi vassverk og Arabygdi avløpsanlegg (slamavskiljaranlegg)
- ✓ Vesås vassverk og Vesås avløpsanlegg (slamavskiljaranlegg)

I tillegg driftar kommunen leidningsnett, kloakkpumpestasjonar og trykkaukestasjonar på vatn.

Ein stor del av bustadene i Vinje kommune er fritidsbustader og fleire av vass- og avløpsanlegga som er bygd dei seinaste åra er knytt til hytteområde. Det er framleis stor utbygging av fritidsbustader i kommunen.

Berekningsverktøy

I 2012 og 2013 brukte kommunen programvare frå Momentum (no EnviDan Momentum) for å berekne sjølvkost i kommunen sin internrekneskap.

Dei seinaste åra har kommunen brukt ei Excel-fil som er utarbeidd av Norsk Kemner- og Kommuneøkonomers forbund (NKK). Reknearket er utvikla i samband med NKK sitt sjølvkostkurs, samt innspel og ønsker til forbundet si KOSTRA-rekneskapsgruppe. Modellen skal sikre rekneskapsføring av sjølvkost i internrekneskapen, slik at det er i samsvar med KOSTRA og rekneskapsforskriftene.

Direkte kostnader

Kommunen sine direkte utgifter til vatn og avløp er personalutgifter og kjøp av varer og tenester til drift av vassverk, trykkaukestasjonar, reinseanlegg, pumper, og leidningar. Utgangspunktet skal vere alt som er ført i rekneskapen på KOSTRA-funksjonane 3400 og 3450 som gjeld vatn og 3500 og 3530 som gjeld avløp.

I rekneskapen er det ført til saman kr 4 017 166 på KOSTRA-funksjonane 3400 og 3450. Denne summen er ført som direkte kostnader i etterkalkyla for sjølvkostområdet vatn.

I rekneskapen er det ført til saman kr 9 662 867 på KOSTRA-funksjonane 3500 og 3530. Denne summen er ført som direkte kostnader i etterkalkyla for sjølvkostområdet avløp.

Vi får opplyst frå teknisk sjef at det ikkje er relevant å skilje ut aktivitet som berre gjeld kommunen sjølv innanfor sjølvkostområda vatn og avløp. Kommunen nyttar slikt skilje på plansaker.

I Vinje kommune arbeidar dei tilsette på teknisk etat på begge dei aktuelle sjølvkostområda, vatn og avløp. Teknisk sjef har vurdert det slik at det er 40 % av personalutgiftene som skal belastast området vatn og 60 % som skal belastast området avløp. Då vi snakka med teknisk sjef låg det ikkje føre noko nærmare dokumentasjon på kvifor det er slik fordeling, men han gav uttrykk for at fordelinga bygger på erfaring gjennom mange år. Han meinte at fordelinga gir eit tilnærma rett bilete av den reelle ressursbruken kommunen har på dei to områda.

Kommunen har ein del mobilt utstyr som er rigga for arbeid både med vatn og avløp. Utgifter knytt til dette utstyret blir utgiftsført med same forholdstal som for personalkostnadene, 40 % på vatn og 60 % på avløp.

I høyringssvaret frå rådmannen er det vist til ei ny vurdering av fordelinga av dei direkte kostnadene. Rådmannen meiner dette syner at det har vore rimeleg å bruke 60/40 fordeling slik ein har gjort, men peikar og på at det kan vere grunn til å gjere mindre justeringar

Drift av anna utstyr, som til dømes trykkauke- og pumpestasjonar blir førd direkte på respektive ansvar (som er knytt til rette KOSTRA-funksjonar).

Indirekte kostnader

Indirekte utgifter er utgifter som ikkje blir ført direkte på tenesta (KOSTRA-funksjonane 3400, 3450, 3500 og 3530) i rekneskapen, men som likevel er naudsynte for å utføre tenesta.

Over år har kommunen brukt ulike berekningsmodellar for dei indirekte kostnadene. I ein periode ble Momentum sitt berekningsverktøy brukt. Her blir det laga fordelingsnøklar for meir detaljert berekning av dei indirekte kostnadene. Reknesapsansvarleg meiner dette var komplisert og ikkje var hensiktsmessig. Rekneskapsansvarleg viser til at det i rettleiaren (H-3/14) blei opna for å gjere i prosentvis berekning av dei indirekte kostnadene og kommunen gjekk over til å gjere det på den måten. Ho viser til at det er lite skilnad i tala etter at dei gjekk over til den prosentvise berekninga.

For dei indirekte kostnadene har kommunen tatt utgangspunkt i samla netto driftsutgift på KOSTRA- funksjonane 110 (kontroll og tilsyn), 120 (administrasjon).⁴ I 2016 førde kommunen av denne summen 2,5 % som indirekte kostnader i sjølvkostrekneskapen for begge dei to områda, vatn og avløp.

I følgje rekneskapen for 2016 var brutto driftsutgift for sjølvkostområdet vatn kr 4 017 166. Kommunen si totale brutto driftsutgift var kr 497 284 000. Sjølvkostområde vatn si del var 0,80 % av kommunen si totale brutto driftsutgift.

⁴ Konto 16900, Internsal er trekt ifrå.

I følgje rekneskapen for 2016 var den totale brutto driftsutgifta for sjølvkostområdet avløp kr 9 662 867. Dette er 1,94 % av kommunen si totale brutto driftsutgift.

Kapitalkostnader

Alle investeringar som er gjort på sjølvkostområda blir sett opp i eit investeringskjema (Excel-ark). Det blir skild mellom dei ulike sjølvkostområda.

Skjemaet inneheld ei rekke opplysningar om investeringane; kva tid investeringa skjedde, kontostreng, opphavelag verdi, avskrivningstid, saldo ved inngang til året, avskrivningar og saldo ved utgang av året. Dersom det er innbetalt anleggsbidrag i samband med investeringar blir desse trekte frå i investeringskjemaet.

Figur 1 Utklipp frå delar av investeringskjema frå sjølvkostområdet 2016

| INVEST. | FUNK. | LEVETI | ANLEGGSNR. | ANL. NAVN | OPPR.VERDI | SALDO 1.1. | INVESTERING | AVSKR PR. ÅR | SALDO 31.12. |
|---------|-------|--------|------------|-------------------|---------------|--------------|-------------|--------------|--------------|
| 2005 | 340 | 10 | 22450274 | UTSTYR VATN | kr 37 890 | kr - | | kr - | kr - |
| 2006 | 340 | 10 | 22450277 | UTSTYR VATN | kr 37 651 | kr 3 766 | | kr 3 766 | kr - |
| 2008 | 340 | 10 | 22450365 | UTSTYR VATN | kr 180 119 | kr 54 036 | | kr 18 012 | kr 36 024 |
| 1996 | 340 | 20 | 22710214 | VASSVERK ÅMOT | kr 3 575 497 | kr 169 716 | | kr 169 716 | kr - |
| 1996 | 340 | 20 | 22710229 | VASSVERK EDL | kr 3 603 609 | kr 170 565 | | kr 170 564 | kr 1 |
| 1998 | 340 | 20 | 22710251 | VASSVERK RAUL | kr 6 213 033 | kr 881 797 | | kr 293 932 | kr 587 865 |
| 2005 | 340 | 20 | 22710257 | VASSV.SÅTEHOV | kr 4 600 445 | kr 2 320 165 | | kr 232 016 | kr 2 088 149 |
| 2002 | 340 | 20 | 22710256 | VASSV.RAUL.TURIST | kr 11 033 176 | kr 3 944 165 | | kr 563 452 | kr 3 380 713 |
| 2007 | 340 | 20 | 22710265 | HØGDEB.OKSATJ. | kr 4 694 823 | kr 2 811 375 | | kr 234 281 | kr 2 577 094 |
| 1993 | 340 | 20 | 22710264 | VASSV.VESAAS | kr 534 024 | kr - | | kr - | kr - |
| 2008 | 340 | 20 | 22710266 | VASSANL.DELPROS. | kr 174 979 | kr 113 736 | | kr 8 749 | kr 104 987 |
| 2010 | 340 | 20 | 201012 | VASSANL. HAUKEI. | kr 600 000 | kr 450 000 | | kr 30 000 | kr 420 000 |
| | 345 | 40 | 22840147 | VASSLEDNING | kr 133 751 | kr 127 064 | | kr 6 687 | kr 120 377 |
| | 2011 | 345 | 22832481 | VASSLEDNING | kr 133 751 | kr 127 063 | | kr 3 344 | kr 123 719 |
| | 1976 | 345 | 22802394 | VASSLEDNING | kr 1 646 200 | kr 41 155 | | kr 41 155 | kr - |

Den total summen for av avskrivningane inngår i etterkalkyla.

I tillegg til avskrivningane skal det bereknast ein kalkulatorisk rentekostnad (alternativkostnad). Alternativkostnad er eit uttrykk for den avkastninga kommunen kunne ha oppnådd ved å plassere pengar tilsvarande investeringsbeløpet i marknaden.

Det er ei såkalla kalkylerente som blir brukt for å berekne denne alternativkostnaden. I følgje rettleiaren for berekning av sjølvkost skal ein nytte 5-årig swaprente⁵ pluss eit tillegg på ½ prosentpoeng. Informasjon om kalkylerenta ligg på Kommunalbanken sine heimesider og for 2016 er den sett til 1,684 %. Vinje kommune nytta slik kalkylerente i 2016.

⁵ Swaprente er rente for å bytte flytande rente med fastrente eller omvendt. Forenkla kan vi seie at swaprenta er fastrenta bankane betaler når dei har bytta bort flytande rente i markedet.

Figur 2 Utklipp frå note 15b til rekneskapen, kapitalkostnader for vatn.

| 4 Anleggsmedel | | Kalkulatorisk rentesats 2016 1,68 % av restverdi IB+restverdi UB/2 | | | | | | | |
|----------------|-------------------|--|--------------------|--------------------|--------------------|-------------------|--------------|--------------------|----------------|
| 5 | Levetid -år | Restverdi IB | Berekningsgrunnlag | Tidlegare avskrive | Årets avskrivning | Sal/utrangering | Restverdi UB | Kalk.rente kostnad | |
| 6 | VATN: | | | | | | | | |
| 7 | Utstyr | 10 | 255 660 | -197 858 | -21 778 | | 36 024 | | |
| 8 | Ledningsnett vatn | 40 | 85 801 590 | -12 722 134 | -1 774 727 | | 71 304 729 | | |
| 9 | Pumpestasjonar | 20 | 47 379 065 | -24 828 978 | -1 979 952 | | 20 570 135 | | |
| 10 | Anleggsbidrag | 40 | -29 785 182 | 5 112 338 | 744 637 | | -23 928 207 | | |
| 11 | Sum vatn | | 49 263 290 | 103 651 133 | -32 636 632 | -3 031 820 | - | 67 982 681 | 984 866 |

Tilsvarende alternativkostnaden for investeringar bereknar kommunen alternativkostnad for kapital som er bunden opp i sjølvkostfonda⁶. Kommunen brukte same kalkylerenta som for investeringane.

Inntekter

Inntektene i sjølvkostkalkyla består av gebyrinntekter.

Kommunen har gjort vedtak om full kostnadsdekning innanfor områda vatn og avløp. Dette skjedde i kommunestyresak 12/129 om Årsbudsjett 2013 - økonomiplan 2013-2016.

Kommunestyret gjer kvart år i desember vedtak om nivået på dei ulike gebyra i saka om økonomiplan for neste fireårsperiode og årsbudsjett for det komande året.

Bereknning av sjølvkost vatn 2016

Kommunen lager ei forkalkyle i samband med økonomiplan/årsbudsjett. I Forkalkyla for sjølvkostområdet vatn i 2016 stipulerte kommunen ei samla utgift på kr 9 029 000 og ei samla inntekt på kr 7 942 000. Det blei forventa ei dekningsgrad på 82 %, noko som ville føre til eit underskot på kr 1 668 000.

Rekneskapen for 2016⁷ viser slik etterkalkyle for sjølvkostområdet vatn:

Tabell 1 Kalkyle for sjølvkostområdet for vatn i 2016. I kroner

| | |
|---|-----------|
| A. Direkte kostnader | 4 017 166 |
| B. Indirekte driftskostnader som kan førast på sjølvkostområdet | 621 846 |
| C. Kalkulatoriske renter (sjå note15B) | 984 866 |
| D. Kalkulatoriske avskrivningar | 3 031 820 |

⁶ Dette blir omtalt i kapittel 3 Vass og avløpsfond.

⁷ Note 15 i Vinje kommune sin rekneskap for 2016

| | |
|--|-------------------|
| E. Andre inntekter | -610 849 |
| F. Sum gebyrgrunnlag | 8 044 849 |
| G. Gebyrinntekter | -10 707 760 |
| H. Årets finansielle resultat | -2 662 911 |
| I. Avsett til sjølvkostfond og dekking av underskot som kan framførast | 2 662 911 |
| J. Bruk av sjølvkostfond og framføring av underskot | |
| K. Kontrollsum | - |
| L. Saldo sjølvkostfond 1.1. rapporteringsåret(minus= negativt) | 3 750 682 |
| M. Alternativkostnad ved bunden kapital på sjølvkostfond eller underskot som kan førast på sjølvkostområdet (av saldo 1.1.+saldo 31.12./2) | 85 380 |
| N. Saldo sjølvkostfond 31.12. rapporteringsåret (L+M+I-J) | 6 498 973 |
| Nøkkeltal: | |
| O. Årets finansielle dekningsgrad i % (G/F)*100 | 133 % |
| P. Årets sjølvkostgrad i % (g/(F+I-J)*100 | 100 % |

Som det kjem fram av tabellen, vart samla utgifter på kr 8 044 849 og samla inntekter på kr 10 707 760. Overskottet, kr 2 662 911, er sett på fond.

Dekningsgraden blei på 133% og sjølvkostgraden 100 %.

Bereking av sjølvkost på avløp 2016

I forkalkyla for sjølvkostområdet avløp for 2016 stipulerte kommunen ei samla utgift på kr 16 490 000 og ei samla inntekt på kr 14 116 000. Ein forventa ei dekningsgrad på 86 %, som ville føre til eit underskot på kr 2 374 000.

Det endelege resultatet er vist i rekneskapen⁸ for 2016 og ser slik ut:

Figur 3 Kalkyle for sjølvkostområdet Avløp 2016. I kroner

| | |
|--|-------------------|
| A. Direkte kostnader | 9 662 867 |
| B. Indirekte driftskostnader som kan førast på sjølvkostområdet | 621 846 |
| C. Kalkulatoriske renter (sjå note15B) | 1 065 590 |
| D. Kalkulatoriske avskrivningar | 4 963 792 |
| E. Andre inntekter | -86 056 |
| F. Sum gebyrgrunnlag | 16 228 039 |
| G. Gebyrinntekter | -19 271 573 |
| H. Årets finansielle resultat | -3 043 534 |
| I. Avsett til sjølvkostfond og dekking av underskot som kan framførast | 3 043 534 |

⁸ Note 15 til rekneskapen for 2016

| | |
|--|------------------|
| J. Bruk av sjølvkostfond og framføring av underskot | |
| K. Kontrollsum | - |
| L. Saldo sjølvkostfond 1.1. rapporteringsåret(minus= negativt) | 5 977 656 |
| M. Alternativkostnad ved bunden kapital på sjølvkostfond eller underskot som kan førast på sjølvkostområdet (av saldo 1.1.+saldo 31.12./2) | 125 989 |
| N. Saldo sjølvkostfond 31.12. rapporteringsåret (L+M+I-J) | 9 147 179 |
| | |
| Nøkkeltal: | |
| O. Årets finansielle dekningsgrad i % (G/F)*100 | 119 % |
| P. Årets sjølvkostgrad i % (g/(F+I-J))*100 | 100 % |

Som det går fram av tabellen blei resultatet noko annleis enn i forkalkyla. Samla utgifter vart i 2016 kr 16 228 239, medan samla inntekter vart kr 19 271 753. Overskottet, kr 3 043 534 blei sett på fond.

Dekningsgraden blei på 119 % og sjølvkostgraden 100 %.

2.4 Revisor si vurdering av berekning av sjølvkost

Alle kostnader som inngår i sjølvkostberekningane skal kunne knytast til sjølvkosttenesta.

Kommunen har tatt med alle dei relevante kostnadstypene knytt til tenestene for vatn og avløp i 2016. Her er direkte kostnader, indirekte kostnader og kapitalkostnader.

Dei direkte kostnadene er tufta på beløp som er rekneskapsført på dei aktuelle KOSTRA-artene slik regelverket krev. Kommunen har gjennom fleire år nytta ei fast prosentvis fordeling av lønskostnadene og delar av driftskostnadene. I samband med denne forvaltningsrevisjonen har kommunen sett nærare på fordelingsnøkkelen og peikar på at fordelinga, med mindre endringar, er rimeleg rett. Slike vurderingar bør etter vår meining skje med jamne mellomrom, og dei bør dokumenterast.

For dei indirekte kostnadene er det gjort ei vurdering av kor mykje kostnader til fellestenester i kommunen det er rimeleg å knytte til sjølvkostområda vatn og avløp. Kommunen nyttar ein gitt prosentsats av netto driftskostnader som er ført på KOSTRA-funksjonane 110 og 120, og gjer ikkje konkrete vurderingar av dei ulike elementa i felleskostnader slik rettleiaren tilrår.

Rettleiaren opnar for ei forenkla utrekning «der den primære fordelingsnøkkelen er vanskelig tilgjengelig, eller vanskelig å oppdatere...». Dersom kommunen skal bruke ei slik forenkla utrekning, er det interntenesta sine netto driftsutgifter fordelt etter sjølvkosttenesta sin del av kommunen si totale brutto driftsutgift som skal ligge til grunn. Til dømes slik:

$$\frac{\text{Brutto driftsutgift vatn}}{\text{Brutto driftsutgift kommunen}} * 100 = X \%$$

Netto driftsutgift internteneste * X % = **indirekte kostnad vatn**

Dersom vi gjer denne utrekninga skulle dei to prosentsatsane vore høvesvis 0,8 % på området vatn og 1,9 % på området avløp. Når kommunen fører 2,5 % av internkostnadene som indirekte kostnader på begge sjølvkostområda, er dette ikkje i tråd med rettleiaren sin utrekningmodell.

Vår vurdering er at Vinje kommune kan bruke den modellen som primært er tilrådd i rettleiaren, og difor bør bruke denne. Dette er i tråd med vurderinga i revisjonsrapporten for rekneskapsåret 2016 der revisor peikar på at dei indirekte kostnadene i større grad bør reflektere faktisk bruk.

Kapitalkostander som er brukt i dei to aktuelle etterkalkylane reflekterer etter vår vurdering riktige kostnader for kommunen i 2016.

Vi ser det er store avvik mellom forkalkyle og etterkalkyle. Det kan vere grunn for kommunen til å vurdere om dei same kriteriene bli lagt til grunn for forkalkyle og etterkalkyle.

Kommunen skal vurdere kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta.

Kommunen reknar ikkje ut dei indirekte kostnadene på den måten som det blir anbefalt i rettleiaren for berekning av sjølvkost (H-3/14). Rettleiaren seier at kommunen skal utarbeide relevante fordelingsnøklar som speglar den bruken dei ulike sjølvkostområda gjer av interntenestene. Kommunen kan nytte ei anna utrekningmetode dersom kommunen ikkje har detaljert kontoplan eller dersom det ikkje er mogleg å finne annan fordelingsnøkkel.

Etter vår vurdering har Vinje kommune ein detaljert kontoplan, og dermed er det mogleg for kommunen å lage relevante fordelingsnøklar. Kommunen bør difor vurdere å gjere ei meir detaljert utrekning i tråd med retningslinene frå departementet.

Full kostnadsdekning på vann og avløp

Kommunen har gjort vedtak om full kostnadsdekning på sjølvkostområda vatn og avløp. Rekneskapstal syner at det var full dekning i 2016.

3 Vass- og avløpsfond

3.1 Problemstilling

Er avsetningar til og bruk av vass- og avløpsfond i samsvar med regelverket?

3.2 Revisjonskriterium

- *Overskot på sjølvkosttenesta skal bli sett av på fond*
- *Sjølvkostfond skal brukast til å dekke underskot på sjølvkosttenesta innan fem år*
- *Det skal bereknast kalkulatoriske renter på avsette fondsmidlar*

3.3 Fakta om sjølvkostfond

3.3.1 Vatn

Tabellen nedanfor er henta frå note til rekneskapen for 2016 og syner status for fond på området vatn. Kommunen hadde ikkje avsetningar til fond i 2011 og 2012.

Figur 4 Utklipp frå note 15A i rekneskapen for 2016. Sjølvkostfond vatn

| ÅR | INNGÅANDE BALANSE | ÅRETS SJØLVKOST- RESULTAT | UTGÅANDE BALANSE | KALKYLE RENTE | KALKULERA RENTE | UTGÅANDE BALANSE INKL.RENTEAVSETJING | Deadline for tilbakeføring |
|------|----------------------|------------------------------|---------------------|------------------|--------------------|---|-------------------------------|
| 2013 | | | | | | 3 790 799 | 2019 |
| 2014 | 3 790 799 | -28 113 | 3 762 686 | 2,68 % | 101 216 | 3 863 902 | 2020 |
| 2015 | 3 863 902 | -186 372 | 3 677 530 | 1,94 % | 73 152 | 3 750 682 | 2021 |
| 2016 | 3 750 682 | 2 662 911 | 6 413 593 | 1,68 % | 85 380 | 6 498 973 | 2022 |
| 2017 | 6 498 973 | | | | - | | 2023 |

Kommunen brukar 5 års swaprente pluss tillegget på 0,5 % for å rekne ut alternativkostnaden ved bunden kapital på sjølvkostfonda.⁹ Renta for 2016 er 1,68%.

- ✓ I 2013 vart det overskot i sjølvkostrekneskapen og kr 3 790 799 blei sett av på fond.
- ✓ I 2014 vart det eit underskot og kr 28 113 blei henta frå fond (avsett i 2013).
- ✓ I 2015 vart det eit underskott og kr 186 372 blei henta frå fond (avsett i 2013).
- ✓ I 2016 vart det overskot i sjølvkostrekneskapen og 2 662 911 blei sett av på fond

⁹ Rettleiaren kap. 7.1 (IB fond + UB fond)/2 *1,68% = alternativkostnaden

3.3.2 Avløp

Frå note til rekneskapen 2016 har vi henta denne oversikten over fond for området avløp.

Figur 5 Utklipp frå note 15A i rekneskapen for 2016. Sjølvkostfond avløp.

| ÅR | INNGÅANDE BALANSE | ÅRETS SJØLVKOST- RESULTAT | UTGÅANDE BALANSE | KALKYLE RENTE | KALKULERA RENTE | UTGÅANDE BALANSE INKL.RENTEAVSETJING | Deadline for tilbakeføring |
|------|----------------------|---------------------------------|---------------------|------------------|--------------------|---|-------------------------------|
| 2013 | | | | | - | 6 324 315 | 2019 |
| 2014 | 6 324 315 | -336 558 | 5 987 757 | 2,68 % | 164 982 | 6 152 738 | 2020 |
| 2015 | 6 152 738 | -291 617 | 5 861 121 | 1,94 % | 116 534 | 5 977 656 | 2021 |
| 2016 | 5 977 656 | 3 043 534 | 9 021 190 | 1,68 % | 125 990 | 9 147 180 | 2022 |
| 2017 | 9 147 180 | | | | - | | 2023 |

Det vart ikkje avsetning til fond i 2011 eller 2012.

- ✓ I 2013 vart det overskot i sjølvkostrekneskapen, og kr 6 324 315 blei sett av på fond.
- ✓ I 2014 vart det eit underskot, og kr 336 558 blei henta frå fond (avsett i 2013).
- ✓ I 2015 vart det eit underskott, og ytterlegare kr 291 617 blei henta frå fond (avsett i 2013).
- ✓ I 2016 vart det overskot i sjølvkostrekneskapen, og kr 3 043 534 blei sett av på fond

Kommunen brukar 5 års swaprente pluss tillegget på 0,5 % for å berekne alternativkostnaden ved bunden kapital på sjølvkostfonda. Renta for 2016 er 1,68%.

3.4 Revisor si vurdering av vatn- og avløpsfond

Overskot på sjølvkosttenesta skal bli sett av på fond

Overskot på sjølvkostområda vatn og avløp i 2016 er sett av til fond i samsvar med regelverket for sjølvkost.

Sjølvkostfond skal brukast til å dekke underskot på sjølvkosttenesta innan fem år

Plan for handtering av fondsmidlar som vist i note 15A i rekneskapen for 2016 gir etter vår vurdering ikkje eit klårt bilete av korleis kommunen planlegg å avvikle fonda innan fem år etter at dei er oppstått.

Etter vår vurdering bør kommunen skilje betre mellom oversikt som skal vise utvikling av inngåande og utgåande balanse og oversikt som skal vise plan for bruk av fondsavsetningar. Eit slikt skilje vil gi ei klårare framstilling av om bruken av dei aktuelle avsetningane er i tråd med regelverket.

Det skal bereknast kalkulatoriske renter på avsette fondsmidler

Kommunen reknar ut ei kalkulatorisk rente på fondsmidlane. Renta som blir nytta og måten å rekne den ut på er etter vår vurdering i samsvar med rettleiaren.

4 Forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsar

4.1 Problemstilling

Er kommunens si gjeldande forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsane i samsvar med regelverket?

4.2 Revisjonskriterium

- *Kommunen si forskrift skal vere innanfor rammene i heimelsgrunnlaget.*
- *Gebyrregulativet skal vere i samsvar med regelverket for gebyrordninga.*
- *Differensierte gebyr skal bygge på relevante skilnader i kostnader.*

4.3 Fakta om forskrift og gebyrsatsar

Vinje kommune har vedtatt forskrift om vass- og avløpsgebyr, gjeldande frå 1. januar 2013.¹⁰ Gebyrsatsane blir vedtekne kvart år i samband med sak om komande årsbudsjett /økonomiplan.

Vinje kommune engasjerte advokat og rådgivar for å kvalitetssikre arbeidet med forslag til ny lokal forskrift om vass – og avløpsgebyr i 2012. Det blei også sett ned ei arbeidsgruppe med representantar frå administrasjonen, plan og miljøutvalet og rådgjevarane. I følgje teknisk sjef var det ønskjeleg å gå vekk frå ordninga med anleggsbidrag og i staden innføre tilknytingsavgift. Vidare blei det lagt opp til å bruke fleire arealkategoriar i høve til å berekne rett gebyr på forbruksdelen.

Arbeidsgruppa utarbeidde eit framlegg til forskrift som blei sendt på høyring hausten 2012 (Plan og miljøutvalet arkivsaknr. 2012/1944). Forskrifta blei vedteken i kommunestyret 13.12. 2012 (k-sak 12/129) og er kunngjort.

¹⁰ Forskrift 13. desember 2012 nr. 1310 om vass- og avløpsgebyr, Vinje kommune, Telemark.

Forskrifta har eit innleiande kapitel 1 som gjer greie for bakgrunn for forskrifta, definisjonar, høve til å klage, samt ei oppstilling av dei ulike gebyrkategoriane og definisjonar.

Forskrifta viser at kommunen har eingongsgebyr for tilknytning, årsgebyr for høvesvis vatn og avløp, gebyr for leige av vassmålar og gebyr for skjønsmessig fastsetjing av årsgebyr ved manglande avlesing av vassmålar. Det er kommunestyret som i følge forskrifta skal gjere vedtak om dei årlege gebyrsatsane.

Kapitel 2 gjeld eingongsgebyr for tilknytning. Her er definert at det skal betalast gebyr for tilknytning for nybygg, tilbygg/påbygg som aukar bygningsarealet, eksisterande bygg som blir tilknytt kommunalt nett friviljug eller etter pålegg frå kommunen, eksisterande bygg med tilknytning som ikkje er godkjent og anna permanent tilknytning til kommunalt vass- og avløpsanlegg. Det skal ikkje krevjast eingongsgebyr for mellombels tilknytning og for særskilt tilknytning av sprinkelanlegg.

Vidare er det gjort greie for utforminga av gebyra.

- For bustader og fritidsbustader vert tilknytingsgebyret fastsett pr. kvm bruksareal ned grunnlag i NS 3940 eller etter eksisterande arealdata.
- For andre eigedomar blir tilknytingsgebyret fastsett etter storleiken på vassmålar.

Kapitel 3 omhandlar årsgebyret. I den lokale forskrifta om vass- og avløpsgebyr er det bestemt at kommunen skal ha ein todelt gebyrmodell for årsgebyret med ein fast del og ein mengdeavhengig del.

Den faste delen av årsgebyret skal samla sett utgjere om lag 50 % av gebyrinntektene, og skal sikre kommunen inndecking for faste kostnader med infrastrukturen som er uavhengige av vassforbruket.

Fastleddet er eit fast kronebeløp pr. år, N:

- Bustadabonntar: N= 1
- Næringsabonntar: N= 1
- Fritidsbustader: N= 2.

I forskrifta er det gitt slik grunngiving for at det er høgare fastledd for fritidsbustader:

Auka fastledd for fritidsbustader skal sikre kommunen inndecking for dei faste kostnadene med infrastrukturen i dei aktuelle områda. Desse abonnentane har

lågt årsforbruk, men det er behov for stor kapasitet på infrastrukturen i høgsesongar. Lite forbruk i periodar fører til utfordringar med drift av avløpsnett og reinseanlegg, som krev auka driftsressursar.

Den mengdeavhengige delen av årsgebyret (målt i kubikkmeter) skal reknast etter målt forbruk eller stipulert forbruk etter areal.

Stipulert forbruk gjeld for både vatn og kloakk, og inndeling av areal for bustader er slik det gjeng fram av tabellen nedanfor. Det er vidare eit forholdstal mellom bruksareal og vassvolum:

| Kategori | | Berekningsgrunnlag |
|-------------------|------------------------|--------------------|
| Bustadsabonnentar | < 50 m ² | 50 m ² |
| Bustadabonnentar | 50-100 m ² | 80 m ² |
| Bustadabonnentar | 101-150 m ² | 125 m ² |
| Bustadabonnentar | > 150 m ² | 160 m ² |
| Fritidsbustader | < 50 m ² | 50 m ² |
| Fritidsbustader | 50-150 m ² | 125 m ² |
| Fritidsbustader | > 150 m ² | 160 m ² |

Nokre kategoriar av bygg skal i følgje forskrifta (§ 3-8) betale gebyr etter målt forbruk. Dette gjeld for næringsbygg, offentlege bygg og blandingsbygg (bustad/andre føremål). Bustadabonnentar har rett på å betale etter målt forbruk om dei ønskjer det.

Kapittel 4 i kommunens forskrift regulerer bruk av vassmålar og omtalar ulike tema som til dømes installasjon, eigarforhold, avlesing, tilsyn og vedlikehald.

Kapittel 5 viser når forskrifta trådde i kraft.

Oversikt over kommunen sine gebyrsatsar for 2016 er framstilt i vedlegg 3 i rapporten. Det blir gjort vedtak om nivået på gebyra kvart år når kommunestyret gjer vedtak om økonomiplan og årsbudsjett for det komande året. Gebyrsatsane i 2016 for høvesvis vatn og avløp er delt inn tilknytingsavgift, årsgebyr og målarleige. Det er elles nytta same kategoriar og utrekningsmåte som er fastsett i den lokale forskrifta.

4.4 Revisor si vurdering

Kommunane står relativt fritt ved utforming av gebyra for vatn og avløp. Lokale forskrifter er heimla i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg og forureiningsforskrifta, og må vere i samsvar med reglane der.

Etter vår vurdering er forskrift 13. desember 2012 nr. 1310 om vass- og avløpsgebyr, Vinje kommune, Telemark i samsvar med dette regelverket.

Kommunen har reglar for eingongsgebyr for tilknytning og årsgebyr, i samsvar med forureiningsforskrifta.

Reguleringa i kommunen si forskrift av kva situasjonar som utløyer tilknytingsgebyr er i samsvar med formuleringane i forureiningsforskrifta. Kommunen har til ei viss grad nytta det høvet kommunen har til å differensiere både tilknytingsgebyr og årsgebyr.

Skiljet i tilknytingsgebyr mellom bustad/fritid på den eine sida, og næring på den andre sida er i samsvar med kva kommunen har høve til etter forureiningsforskrifta § 16-5 tredje ledd. Høgsterett har fastslått at tilknytingsgebyret ikkje refererer seg til nokon særskilt del av kommunen sine kostnader på vass- og avløpssektoren, men tvert om inngår som ein del av dekninga av dei samla kostnadene innan sektoren. Kommunen har valt å ikkje opne for redusert tilknytingsgebyr for eigedomar der det er betalt refusjon eller opparbeidingskostnader, jf. forureiningsforskrifta § 16-5 første ledd. Dette er ikkje i strid med forureiningsforskrifta.

Kommunen si regulering av at årsgebyr skal fastsetjast anten etter målt forbruk eller som stipulert forbruk, med ein fast del og variabel del, er også i samsvar med forureiningsforskrifta. Kommunen har høve til å krevje at nærings-/offentlege bygg skal betale årsgebyr etter faktisk forbruk.

Det er vidare eit skilje mellom bustader og fritidsbustader, slik at fritidsbustadene har høgge gebyrsats enn bustader for fastleddet av årsgebyret, medan gebyrsatsane er noko lågare for det mengdeavhengige leddet. Denne differensieringa er i kommunen si forskrift grunngjeven med at drifta av infrastrukturen i område med mange fritidsbustader er meir kostnadskrevjande enn i andre områder, og at det er sider ved denne bustadtypen som fører til dette. Dimensjoneringa av anlegga må ta omsyn til at det til tider er svært høgt forbruk, samstundes som periodane med låg aktivitet og medfører spesielle driftsutfordringar. Høgsterett¹¹ har avgjort at kommunen har høve

¹¹ Rettstidende 2012 s. 1409

til å fastsette gebyret ved eit todelt årsgebyr: ein fastdel og ein variabel del, så lenge det totale gebyret ikkje overstig kostnadene. Dersom kommunen vel ei slik todelt ordning, skal den variable delen spegle forbruket. Men det er opp til kommunane å definere etter kva kriterier det faste elementet skal fordelast på abonnentane. Etter vår vurdering er differensieringa av gebyra tufta på relevante forskjellar i kostnader, og såleis innanfor det handlingsrommet kommunen har.

Gebyrregulativet som blir vedtekne i kommunestyret kvart år i samband med sak økonomiplan og årsbudsjett er etter vår vurdering i samsvar med forskrifta.

5 Konklusjonar og tilrådingar

5.1 Konklusjonar

Er berekninga av sjølvkost for vatn og avløp i 2016 i samsvar med reglar og retningsliner?

Vi har funne at berekning av sjølvkost for vatn og avløp i hovudsak er i samsvar med reglar og retningsliner.

Etter vår vurdering bør kommunen med jamne mellomrom vurdere og dokumentert kva som ligg til grunn for fordelinga av dei direkte kostnadene i sjølvkostkalkylane.

Kommunen si berekning av dei indirekte kostnadene er ikkje i tråd med retningslinene.

Er avsetningar til og bruk av vass- og avløpsfond i samsvar med regelverket?

Kommunen har sett av overskott på sjølvkostrekneskapen i samsvar med regelverket.

Framstillinga av framtidig bruk av fond, som ligg ved Vinje kommune sin årsrekneskap for 2016, gir etter vår vurdering ikkje eit klårt bilete av korleis kommunen planlegg å avvikle fonda innan fem år etter at dei er oppstått.

Er kommunens si gjeldande forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsane i samsvar med regelverket?

Etter vår vurdering er kommunen si gjeldande lokale forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsane i samsvar med regelverket.

5.2 Tilrådingar

Vi tilrår at kommunen:

- jamleg dokumenterer fordelinga av direkte kostnader i sjølvkostkalkylane på høvesvis vatn og avløp.
- bereknar dei indirekte kostnadene i sjølvkostkalkyla i tråd med det rettleiaren primært rår til.
- framstiller plan for framtidig bruk av fondsavsetningar på ein klårare måte.

Litteratur og kjeldereferansar

Lover og forskrifter

- Lov 25. september 1992 nr. 107 om kommuner og fylkeskommuner (kommuneloven).
- Forskrift 15. juni 2004 nr. 905 om revisjon i kommuner og fylkeskommuner mv.
- Lov 27. juni 2008 nr. 71 om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven)
- Lov 13.03.1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven)
- Lov 16. mars 2012 nr. 12 om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova)
- Forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften)
- Forskrift 13. desember 2012 nr. 1310 om vass- og avløpsgebyr, Vinje kommune, Telemark.

Bøker

- Frode A. Innjord (red.): Plan- og bygningsloven med kommentarer, Gyldendal Norsk Forlag, 2010

Rapportar

- Telemarksforsking: Selvkost i Volda kommune, TF-notat nr 7/2014

Offentlege dokument

- Rundskriv H-3/14 *Retningslinjer for beregning av sjølvkost for kommunale betalingstenester* Frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet, gjeldande frå 01.01.2015.
- Kommunal- og moderniseringsdepartementet: *Regnskapsrapporteringen i KOSTRA – Veiledning – 2017*
- Høgsteretts dom i sak nr. 2012/489, Rt. 2012 s. 1409

Anna

- Rapport om revisjon av rekneskapen til Vinje kommune for 2016. Telemark kommunerevisjon IKS, 2017

Tabelloversikt

| | |
|---|---|
| Tabell 1 Kalkyle for sjølvkostområdet for vatn i 2016. I kroner | 7 |
|---|---|

Figuroversikt

| | |
|--|----|
| Figur 1 Utklipp frå delar av investeringskjema frå sjølvkostområdet 2016..... | 6 |
| Figur 2 Utklipp frå note 15b til rekneskapen, kapitalkostnader for vatn..... | 7 |
| Figur 3 Kalkyle for sjølvkostområdet Avløp 2016. I kroner | 8 |
| Figur 4 Utklipp frå note 15A i rekneskapen for 2016. Sjølvkostfond vatn | 12 |
| Figur 5 Utklipp frå note 15A i rekneskapen for 2016. Sjølvkostfond avløp. | 13 |

Vedlegg

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Vedlegg 3: Vinje kommune sine gebyrsatsar 2016

Vedlegg 4: Metode og kvalitetssikring

Vedlegg 1: Høyringsuttale frå rådmannen

Fra: Jan Myrekrok [<mailto:jan.myrekrok@vinje.kommune.no>]

Sendt: 23. august 2017 08:23

Til: Hildegunn Rafdal <Hildegunn.Rafdal@tekomrev.no>

Emne: Forvaltningsrevisjon - sjølvkost VA 734 018

Vinje kommune

Vår ref: 2017/646 - 4

Dato: 23.08.2017

Forvaltningsrevisjon - sjølvkost VA 734 018

Vinje kommune har følgande merknader til utkastet til rapport på sjølvkost vatn og avløp.

Når det gjeld fordeling av lønnskostnader på vatn og avløp meiner revisjonen at dette bør grunnjevast betre enn i dag. Dagens fordeling ligg på 40/60 vatn/avløp. Teknisk sjef har sett på tala for 2016 og ser at fordelinga er som følger på kontoar 11000-12999:

| 2016 | Einavd | Einavd(T) | Ansvar(T) | Konto | Konto(T) | Opp. Budsje | Budsjettjuste | Revidert bud | Beløp (1) | Bud.avik |
|------|--------|---------------------------|-----------|-------|----------|-------------|---------------|--------------|-----------|----------|
| | 611 | VASSANLEGG/LEDNINGSNETT | | | | 1684000 | 163000 | 1847000 | 1916245 | 0 36 % |
| | 612 | RENSEANLEGG/AVLØPSNETT/SL | | | | 3519500 | 253000 | 3772500 | 3440829 | 0 64 % |
| | | | | | | 5203500 | 416000 | 5619500 | 5357073 | 0 |

Fordelinga syner 36% vatn og 64% avløp. Desse summene/prosentane kan ikkje direkte samanliknas med lønnskostnader men speglar aktivitetsnivået til tenesteområde. Dagens fordeling av lønn på vatn og avløp er difor truleg rimeleg rett.


Men etter våre vurderingar kan kommunen endre fordelinga for driftsoperatør i Haukeli /Vågsli til 20/80 – vatn/avløp. Dette fordi vedkomande betener eit vassverk (i Edland og to større avløpsanlegg (Haukeli og Vågsli) og mykje av arbeide her er knytt til avløpsanlegga.

Dette er ikkje tilfelle i Rauland der det er eit avløpsanlegg og to vassverk med svært mange tilhøyrande trykkaukestasjonar og høgdebasseng. I Åmot er det eit vassverk og eit reinseanlegg og arbeidsfordelinga er også her om lag 40/60. Ikkje minst fordi driftsoperatørar her og betener Øyfjell vassverk og Vesaas vassverk medan avløpshandsaminga desse stadane er naturleg infiltrasjon og medfører lite drift.

Beste helsing,

Jan Myrekrok

Rådmann

 Vinje kommune

Tlf: 35 06 23 02

Mobil: 99 63 76 76

www.vinje.kommune.no

Facebook: facebook.com/vinjekommune

Twitter: twitter.com/vinjekommune

Vedlegg 2: Revisjonskriterium

Kommunane har ikkje høve til å krevje betalt for lovpålagte tenester, utan at dette har heimel i lov. Gebyra på dei ulike kommunale tenestene har heimel i dei tilhøyrande lovene. Kommunestyret må sjølv gjere vedtak om nivået på gebyr, jf. kommuneloven § 6, jf. § 10 og § 45 og einskilde særlovsreglar.

Gebyra for vatn og avløp har heimel i lov om kommunale vass- og avløpsanlegg (vass- og avløpsanleggslova) § 3, som gir kommunen rett til å krevje gebyr. I følge lova § 5 og forureiningsforskrifta § 16-1 skal kommunen fastsette gebyr for vann- og avløpstenester ved forskrift. Gebyra skal fastsetjast som eit eingongs tilknytingsgebyr og som årsgebyr. Gebyra må ikkje overstige kommunens kostnader til vann- og avløpstenestene.

I Vinje kommune har kommunestyret bestemt at gebyrinntektene skal dekke utgiftene 100 % på vatn og avløp. Vedtaket blei gjort i samband med handsaming av årsbudsjett 2013- Økonomiplan 2013 – 2019.¹²

I følge kommunelova § 23 nr. 2 skal rådmannen sjå til at saker til handsaming i kommunestyret er forsvarlig utgreide. Det inneber at rådmannen må sørge for ei forsvarlig utgreiing av dei forventa kostnadene på dei ulike sjølvkostområda.

I retningsliner H-3/14 er definisjonen av sjølvkost *den totale kostnadsøkningen en kommune påføres ved å produsere en bestemt vare eller tjeneste*. Innanfor område der sjølvkost er satt som den rettslege ramma for brukarbetaling, må kommunen utarbeide en sjølvkostkalkyle (for- og etterkalkyle). Dette for å føre kontroll med at gebyrinntektene ikkje er høgare enn kommunen si sjølvkost.

Hovudprinsipp for sjølvkost:

- Sjølvkost er den totale kostnadsauka som en kommune/selskap har ved å produsere tenesta.
- En generasjon brukarar skal ikkje subsidiere eller bli subsidiert av neste generasjon.
- Overskot på sjølvkosttenestae bør som hovudregel være tilbakeført i løpet av fem år.
- Sjølvkost skal være uavhengig av korleis anskaffingane faktisk har blitt finansiert.

¹² Kommunestyresak 12/129

- Kommunen har plikt til å dokumentere sjølvkostberekningane.

Problemstilling nr 1

Er berekninga av sjølvkost for vatn og avløp i 2016 i samsvar med reglar og retningslinjer?

Fastsetting av gebyr kan ikkje overstige sjølvkost for den aktuelle tenesta. Når kommunen skal berekne sjølvkost, må kommunen finne dei meirkostnadene som kommunen har ved å yte sjølvkosttenesta.

Hovudregelen er at kommunen alltid kan knytte direkte kostnader til den aktuelle sjølvkosttenesta. Direkte kostnader er arbeid, varer og tenester som blir brukt for å yte tenesta. Sjølvkostrettelearen legg til grunn at dei utgiftene som er ført på KOSTRA-funksjon for den aktuelle tenesta er dei direkte kostnadene.

Indirekte kostnader er deler av kostnader som i rekneskapen blir ført på andre funksjonar enn funksjonen for sjølvkosttenesta, i samsvar med definisjonane i KOSTRA-rettelearen¹³. Det gjeld i stor grad funksjonen for administrasjon og funksjonen for kontroll og revisjon. Indirekte kostnader kan førast på sjølvkostområdet når interntenesta er med på å skape ei heilskapleg teneste for brukarane.

For å finne riktig del av dei indirekte kostnadene, skal kommunen bruke fordelingsnøklar. Det beste er å bruke fordelingsnøklar som er direkte knytte til kostnaden, til dømes tal på medarbeidarar i tenesta i forhold til alle tilsette i kommunen for å finne rett del av utgifter til personalbehandling, eller tal på PC-ar i høve til alle PC-ar i kommunen for å finne rett del av IT-utgiftene.

Kostnader knytt til administrativ leing og utarbeiding av avgjerdsgrunnlag for politisk leing skal ikkje leggst inn i sjølvkostkalkylen. Tenester som administrative leiarar yter til sjølvkostområdet skal fordelast og leggst inn i sjølvkostkalkylen.

Retningslinene (H-3/14) viser dei mest relevante indirekte tenestene (interntenester), kva for kostnader knytt til desse tenestene som kan førast på sjølvkostområda, og kva for fordelingsnøkkel kommunen bør bruke.

¹³ KOSTRA-rettelearen er gitt ut av Kommunal- og moderniseringsdepartementet i samband med KOSTRA-rapportering (kommune-stat-rapportering) til SSB. KOSTRA er statistikk om kommunar hos SSB.

Dersom kontoplanen ikkje er detaljert nok, eller dersom ein ikkje kan fastslå ønska fordelingsnøkkel, opnar retningslinene for å bruke sjølvkosttenesta sin prosentdel av brutto driftsutgifter

Kapitalkostnadene er knytte til bruk av eigne anleggsmidlar, og skal bereknast på grunnlag av dei investeringskostnadene kommunen faktisk hadde. Kommunen skal berekne lineære avskrivningar¹⁴ av anlegga. Avskrivningane starter normalt året etter at investeringsprosjektet er ferdigstilt.

Kommunen skal også berekne ein rentekostnad for investeringskostnadene. Rettleiaren rår til å nytte rentekostnaden på 5-årig swaprente¹⁵ pluss eit tillegg på ½ prosentpoeng.

I sak 12/129 om Årsbudsjett 2013 / Økonomiplan 2013 – 2016 som kommunestyret handsama i desember 2012 ble det gjort slikt vedtak:

«Dei kommunale vass- og kloakkavgiftene sett til sjølvkost frå og med 1.1.2013.»

Revisjonskriterier

- Alle kostnader som inngår i sjølvkostberekningane skal kunne knytast til den aktuelle sjølvkosttenesta.
- Kommunen skal vurdere og berekne kva for indirekte kostnader som høyrer til sjølvkosttenesta.
- Det skal være full kostnadsdekning på vatn og avløp.

¹⁴ Lineære avskrivningar bereknar ein ved å ta investeringskostnaden og dele på forventa levetid for anleggsmiddelet. Anleggsmiddelet skal først i balansen med verdien av investeringskostnaden. Kvart år reduserer ein verdien av anleggsmiddelet med det faste beløpet, til anleggsmiddelet ikkje lenger har nokon verdi i rekneskapen. Avskrivninga blir ført som ein årlig kostnad i driftsrekneskapen.

¹⁵ Swaprente er rente for å bytte ei flytande rente med ei fastrente, eller omvendt. Veldig forenkla kan ein seie at swaprente er den fastrenta bankane betaler når dei har bytta bort flytande rente i marknaden.

Problemstilling nr 2

Er avsetningar til og bruk av vass- og avløpsfond i samsvar med regelverket?

Desse kriteria bygger på rettleiaren for sjølvkost kapittel 7.1.

For alle sjølvkostområda skal kommunen sette av overskot frå sjølvkostrekneskapen til bundne driftsfond (sjølvkostfond). Eit negativt resultat (underskot) skal reknast mot sjølvkostfondet i den grad det er midlar på fondet. Eit negativt sjølvkostresultat (underskot) kan berre framførast mot framtidige overskot dersom gebyrområdet gjennom lov eller kommunestyrevedtak skal ha full kostnadsdekning. Vinje kommune har vedtak om slik kostnadsdekning (k-sak 29/2012). Kommunen kan framføre eit overskot frå sjølvkosttenesta til et seinare år (innanfor ein viss periode).

Sjølvkostfondet sin funksjon er å handtere svingingar i inntekter og kostnader mv. slik at gebyra kan vere stabile over tid. Kommunen skal ivareta sjølvkostprinsippet over tid, og kommunen skal sørge for at gebyrinntektene over tid ikkje overstig kostnadene for åra samla.

Kvart sjølvkostområde skal ha sitt eget sjølvkostfond. Midlar på eit fond for eitt gebyrområde kan ikkje nyttast (midlertidig) korkje i sjølvkostrekneskapen eller årsbudsjettet/årsrekneskapen til å finansiere årets underskot på eit anna gebyrområde. Sjølvkostfondet skal ikkje nyttast til finansiering av investeringar.

Kommunen skal rekne ut kalkulatoriske renter av sjølvkostfonda. Rentene skal syne alternativavkastninga som brukarane går glipp av ved at midlane er bundne opp i sjølvkostfond. Utrekningsgrunnlaget vil være gjennomsnittlig beholdning for det enkelte år. Sjølvkostfondets kalkulatoriske renter er lik utrekningsgrunnlaget multiplisert med kalkylerenta.

For å ivareta generasjonsprinsippet må eit positivt sjølvkostresultat (overskot) være tilbakeført til brukarane av sjølvkosttenesta innan fem år. Kommunen skal ikkje sette av midlar til et sjølvkostfond same år som dei bruker av eit sjølvkostfond.

Retningslinene opnar for at kommunen kan ha eit lengre tidsperspektiv enn fem år. Kommunen må vurdere ut frå lokale forhold om det er faglig grunnlag for å strekke perioden for tilbakeføring av overskot ut over fem år. Kommunen må i slike tilfelle grunngi og dokumentere sitt val.

I følge brev av 06.05.08 frå Kommunal- og regionaldepartementet skal underskot frå sjølvkostregnskapet som ikkje kan dekkast ved bruk av sjølvkostfond, bli vist som ein del av kommunen sitt rekneskapsmessige meirforbruk, dersom kommunen i regnskapsåret ikkje har andre dekkande meirinntekter.

Revisjonskriterier

- Overskot på sjølvkosttenesta skal bli sett av på fond
- Sjølvkostfond skal brukast til å dekke underskot på sjølvkosttenesta innan fem år
- Det skal bereknast kalkulatoriske renter på avsette fondsmidlar

Problemstilling nr 3

Er kommunens si gjeldande forskrift om vass- og avløpsgebyr og gebyrsatsane i samsvar med regelverket?

Kommunen v/ kommunestyret skal fastsetje lokal forskrift om vass- og avløpsgebyr, jf. vass- og avløpsanleggslova § 5. Kommunen sine forskrifter må halde seg innanfor dei rammene lova og departementet si forskrift set.

Vass- og avløpsanleggslova § 4 slår fast at gebyra skal vere eingongsgebyr for tilknytning og årlige gebyr for forbruk.

Forureiningsforskrifta § 16-4 seier at årsgebyret anten skal utreknast på grunnlag av vassforbruk, eller ei todelt gebyrordning med ein fast og ein variabel del. Vassforbruket blir rekna ut på målt eller stipulert overslag. For eigedom der vassmålar ikkje er installert, skal forbruket stipulerast på grunnlag av storleik på bygget. Det stipulerte forbruket skal i størst mulig grad svare til reelt forbruk.

For eigedom som ikkje blir brukt som bustad, kan det fastsettast særlege reglar for gebyrberekning, eller ein kan inngå særskilte avtalar. Den fastsette eller avtalte berekningsmåten må normalt ikkje føre til lågare gebyr enn det som ville bli pålagt etter kommunens ordinære forskrift. Om det ikkje er fastsett særlege reglar eller inngått særleg avtale, skal årsgebyret, eventuelt den variable delen av årsgebyret, reknast ut på grunnlag av målt forbruk.

Tilknytingsgebyret er eit eingongsgebyr for sjølve tilknytninga til det kommunale anlegget. Plikta til å betale eingongsgebyr for tilknytning oppstår når det blir sett opp eit bygg på ein elles gebyrpliktig eigedom, og dersom ein bebygd eigedom vel å knytte seg

til det kommunale VA-anlegget, eller blir pålagt slik tilknytning med heimel i plan- og bygningslova § 27-1 og § 27-2.

Det kan bereknast tillegg i tilknytingsgebyret ved tilbygg eller påbygg, jf. forureiningsforskrifta § 16-3. Gebyret skal reknast ut for heile eigedommen under eitt, eller separat for den einskilde bustad, jf. forureiningsforskrifta § 16-2.

Det går fram av forarbeida og rettspraksis at kommunen på sjølvkostområda skal prøve å oppnå at det enkelte gebyr så langt som mulig svarar til kostnadene ved å gi tenesta den aktuelle eigedommen.¹⁶ Kommunen har difor høve til å fastsette ulike gebyrsatsar dersom eit vann- eller avløpsanlegg eller ei større eining av dette fører til vesentlig høgare eller lågare kostnader enn dei andre anlegga, jf. forureiningsforskrifta § 16-5 andre ledd.

Kommunen kan vidare fastsette ulike gebyrsatsar for tilknytings- og årsgebyr for ulike typar av bustadar, der det er ulike kostnader knytt til å gi tenesta til dei ulike typane av bustad. Det er ikkje krav til kor differensierte gebyra skal være, og kommunen har høve til å ta administrative omsyn og såleis ikkje differensiere gebyra. Differensieringa er skjønnsbasert, med utgangspunkt i relevant ulikskap i kostnadene. I tillegg til at de totale gebyrinntektene skal være innanfor ramma av dei samla utgiftene til tenesteområdet, skal gebyrregulativet vere utforma slik at gebyra for dei ulike tenestene mest mulig svarar til kva det gjennomsnittlig kostar kommunen å utføre tenesta.¹⁷

Differensieringa skal være saklig grunngiven. Det er ikkje høve til å ta sosiale eller næringspolitiske omsyn i differensieringa.

Revisjonskriterier

- Kommunen si forskrift om vass- og avløpsgebyr skal vere innanfor dei rammene som følgjer av heimelsgrunnlaget.
- Gebyrregulativet skal vere i samsvar med regelverket for gebyrordninga.
- Differensierte gebyr skal bygge på relevante skilnader i kostnader.

¹⁶ Høyesteretts dom 26. oktober 2004, inntatt i Rt. 2004 s. 1603

¹⁷ Innjord, Plan- og bygningsloven med kommentarer.

Vedlegg 3: Gebyrsatsar 2016

Kommunale avgifter 2016

| Varenr | Vare | Pris eks mva | Pris inkl mva |
|--------|---|--------------|---------------|
| | Avløp | | |
| 10323 | Kloakk tilknytning - p.r. m2 | kr 391,29 | kr 489,11 |
| 10335 | Kloakk tilknytning næring vassmålar <25mm | kr 46 954,89 | kr 58 693,61 |
| 10336 | Kloakk tilknytning næring vassmålar <50mm | kr 70 431,77 | kr 88 039,71 |
| 10337 | Kloakk tilknytning næring vassmålar >50mm | kr 93 908,65 | kr 117 385,81 |
| 10330 | Kloakk bustad < 50 m2 | kr 1 971,38 | kr 2 464,23 |
| 10301 | Kloakk bustad 51-100 m2 | kr 2 609,51 | kr 3 261,88 |
| 10302 | Kloakk bustad 101-150 m2 | kr 3 572,54 | kr 4 465,68 |
| 10331 | Kloakk bustad > 150 m2 | kr 4 307,25 | kr 5 384,06 |
| 10306 | Kloakk fast ab. del bustad/næring | kr 910,78 | kr 1 138,47 |
| 10308 | Kloakk akonto | kr 16,33 | kr 20,41 |
| 10332 | Kloakk fast ab.del fritidsbustad | kr 1 822,65 | kr 2 278,32 |
| 10333 | Kloakk fritidsbustad < 50 m2 | kr 2 247,34 | kr 2 809,17 |
| 10305 | Kloakk fritidsbustad 51-150 m2 | kr 2 883,26 | kr 3 604,07 |
| 10334 | Kloakk fritidsbustad > 150 m2 | kr 3 177,29 | kr 3 971,62 |
| | Vatn | | |
| 10223 | Vatn tilknytning - p.r. m2 | kr 310,46 | kr 388,07 |
| 10235 | Vatn tilknytning næring vassmålar <25mm | kr 37 256,02 | kr 46 570,03 |
| 10236 | Vatn tilknytning næring vassmålar <50mm | kr 55 884,03 | kr 69 855,04 |
| 10237 | Vatn tilknytning næring vassmålar >50mm | kr 74 510,65 | kr 93 138,31 |
| 10230 | Vatn bustad < 50 m2 | kr 1 321,93 | kr 1 652,41 |
| 10201 | Vatn bustad 51-100 m2 | kr 1 686,50 | kr 2 108,12 |
| 10202 | Vatn bustad 101 - 150 m2 | kr 2 237,53 | kr 2 796,92 |
| 10231 | Vatn bustad > 150 m2 | kr 2 656,37 | kr 3 320,47 |
| 10206 | Vatn fast ab. del bustad/næring | kr 716,62 | kr 895,78 |
| 10208 | Vatn akonto | kr 9,34 | kr 11,67 |
| 10211 | Målarleige liten målar | kr 745,84 | kr 932,31 |
| 10212 | Målarleige stor målar | kr 850,21 | kr 1 062,76 |
| 10232 | Vatn fast ab.del fritidsbustad | kr 1 433,25 | kr 1 791,56 |
| 10233 | Vatn fritidsbustad < 50 m2 | kr 1 675,37 | kr 2 094,21 |
| 10205 | Vatn fritidsbustad 51-150 m2 | kr 2 038,55 | kr 2 548,18 |
| 10234 | Vatn fritidsbustad > 150 m2 | kr 2 208,31 | kr 2 760,39 |

Vedlegg 4: Metode og kvalitetssikring

Den praktiske gjennomføringa

Forvaltningsrevisjonen starta med brev til Vinje kommune, dagsett 3. mars 2017, om oppstart av forvaltningsrevisjon. Oppstartsmøte blei halde 21. mars 2017.

Datainnsamling og rapportskriving har gått føre i perioden mars – juni 2017. Utkast til rapport blei sendt på høyring til rådmannen 8. august 2017.

Innsamling og analyse av data

Datagrunnlaget er i hovudsak rekneskapstal og oversikter/noter frå Vinje kommune sin rekneskap for 2016.

Vi har sett rapport om revisjon av rekneskapen til Vinje kommune for 2016 frå Telemark kommunerevisjon IKS, samt fått relevant informasjon frå rekneskapsrevisor.

Vidare har vi gjennomgått forskrift 13. desember 2012 nr. 1310 om vass- og avløpsgebyr, Vinje kommune, Telemark, og oversikt over gebyrsatsar for året 2016.

Vi har hatt ein samtale teknisk sjef og ansvarleg for rekneskapen i kommunen. Det er skrive referat frå samtalan og referatet er verifisert av dei aktuelle personane.

Påliteleg og relevant

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast på ein måte som sikrar at innhaldet i rapporten er påliteleg og gyldig.

Påliteleg tyder at innsamling av data skal skje så nøyaktig som mogleg og at ein skal kunne få same resultat dersom undersøkinga vert gjort på nytt. Vi meiner at datagrunnlaget i rapporten er pålitelege. Skriftlege kjelder som rekneskap og noter til rekneskalapen og kommunen si forskrift er eintydige og etterprøvbare. Referat frå Intervju er verifiserte av intervjuobjekta.

Hensikta var å sikre best mulig datagrunnlag. Vi meiner at data som er henta inn frå dei intervju og dokumenta vi viser til ovanfor er relevante i høve til problemstillingane for prosjektet. Vi meiner at vi har undersøkt dei forholda som problemstillingane skal avklare.

God kommunal revisjonsskikk - kvalitetssikring

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast og rapporterast i samsvar med god kommunal revisjonsskikk og etablerte og anerkjente standardar på området, jf. forskrift om revisjon § 7. Forvaltningsrevisjonen er gjennomført i samsvar med RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon¹⁸.

I følge RSK 001 skal forvaltningsrevisjon kvalitetssikrast, for at undersøkinga og rapporten skal ha naudsynt fagleg og metodisk kvalitet. Vidare skal det sikrast at det er konsistens mellom bestilling, problemstillingar, revisjonskriterium, data, vurderingar og konklusjonar.

Telemark kommunerevisjon IKS har utarbeidd eit system for kvalitetskontroll som er i samsvar med den internasjonale standarden for kvalitetskontroll – *ISQC 1 Kvalitetskontroll for revisjonsfirmaer som utfører revisjon og begrenset revisjon av regnskaper samt andre attestasjonsoppdrag og beslektede tenester.*

Denne forvaltningsrevisjonen er kvalitetssikra i samsvar med krava i RSK 001 og vårt kvalitetskontrollsystem.

¹⁸ Gjeldande RSK 001 er fastsett av Norges Kommunerevisorforbund sitt styre med verknad frå 1 februar 2011, og er gjeldande som god kommunal revisjonsskikk. Standarden bygger på norsk regelverk og internasjonale prinsipp og standardar som er fastsett av International Organization of Supreme Audit Institutions (INTOSAI) og Institute of Internal Auditors (IIA).